



Høyanger kommune Ordføraren

TRONVIK REDDAR LIV!

Administrasjonen i Helse Førde vil avvikle av drifta av Tronvik frå 01.04.24.

Helse Førde må spare 130 mill. kr. i 2024 – og kan spare 25 mill. kr. i drifta ved å legge ned Tronvik med 15 sengepostar.

Høyanger kommune er ikkje i ein posisjon der vi i dag kan gå i rette med Helse Førde sine eigne tal, men vi torer likevel å stille spørsmål om det er dei mest sårbare i samfunnet som skal betale prisen for kutt i vårt helseføretak.

Tronvik som institusjon sysselset omlag 30 årsverk er fordelt på 50 tilsette. Dei fleste busette i Høyanger kommune. Mange har lang ansiennitet og har difor krav på anna arbeid i helseføretaket.

Omlag halvparten av pasientane på rusposten kjem frå eige føretak, altså frå «gamle» Sogn og Fjordane fylke. Desse tala har endra seg radikalt etter pandemien.

Tal frå Helse Førde framstilt i graf syner at det kunn er to månader sidan januar 2021 at Eid ville kunne dekkja behovet til pasientar frå Helse Førde sitt eige område. I desse to månadane herja også Covid 19, så talet er ikkje nødvendigvis representativt. I alle andre månader er talet over 10.

Vi veit og at Eid i praksis kun har 7 senger, då to senger er brukerstyrt, og ei seng er til bruk for somatisk avdeling / fastleger ved fare for alkoholdelirium. Så pasientar som må ut av «fylket» er i prinsippet alle over talet 7. Nokre av desse vil få behandling på avtaleplasser i Helse Vest, og dermed får gratis behandling, men vi veit at det vert skore ned på tal døgnplassar i heile området til Helse Vest. Reiseavstand til / frå behandling vil også auke monaleg for dei mest sårbare pasientane vi har.

Det som gir mest otte er at nesten alle senger som er fjerna er lik den type behandling som Tronvik gir. Det betyr igjen at det kan være «nok senger», men sengene har ikkje rett «innhald» i behandlinga. Pasientar vil kunne få kort avrusing på nokre veker, men for mange pasientar vil stabilisering og rehabilitering være eit behov. Det vil no bli svært langt mellom slike senger. Det er slike pasientar Tronvik har i dag, medan Eid har, som tal syner, pasientar som ikkje har behov for lengre behandling enn eit par veker. Det betyr igjen at Eid er veldig lik dei andre tilboda kring behandling som er igjen i regionen.

Helse Vest har utarbeida ein regional plan for tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) for åra 2021-2025.

Vi spør om status og vidare framdrift i dette arbeidet.

Tronvik har dei siste åra spesialisert seg innanfor rusbehandling og rehabilitering. Institusjonen har opparbeida seg eit godt omdøme innan dette viktige fagfeltet.

Tronvik ligg i rolege og naturskjønne omgjevnader, med tenlege bygningar som Helse Førde likevel må halde ved like etter pålegg frå nasjonale vernestyresmakter.

Dette gjer at det nærast må vere ein «vinn-vinn» situasjon for Helse Vest og Helse Førde å auke kapasiteten på rusbehandling på Tronvik, i staden for å avvikle den.

Regjeringa har frå 1. januar 2023 avvikla fritt behandlingsval.

Difor la Helse Vest opp til ein reduksjon i kjøp av eksterne behandlingsplassar innan rusbehandling, og ville auka kapasiteten på Tronvik frå 15 til 20 døgnplassar. Dei tilførte Helse Førde 11,5 ekstra millionar til dette føremålet.

Sjølv om det fram til no har synt seg vanskeleg å rekruttere legar til Tronvik, så må ein ikkje gi opp!! Tronvik gjer eit SÅ viktig arbeid for dei mest sårbare i samfunnet vårt!!

Vi veit at Helse Bergen, Helse Fonna og Helse Stavanger vil sørge for eigne pasientar når det no vert skore til beinet i alle helseføretaka.

Då vert det fort fleire gjestedøgn til ein langt høgare kostnad for Helse Førde.

I ROS analysen som er laga knytt til avvikling av Tronvik, vert det peika på at ein må ta høgde for eit auka behov for ambulante- og polikliniske tenester.

Det er enno ikkje lagt fram tal på kor mykje dette vil koste.

Dei tilsette på Tronvik vil fortrenge tilsette på klinikken i Førde.

Det er eit betydeleg tal tilsette i Førde som er assistentar, medan ein på Tronvik har eit betydeleg tal tilsette som er spesialsjukepleiarar – og som vil koste Helse Førde fleire hundre tusen kroner meir pr. tilsett pr. år.

Dette må og kome fram når ein ser på tal knytt mot innsparing.

Ei avvikling på Tronvik er etter mi vurdering i konflikt med det såkalla oppdragsdokumentet til Helse Vest, eigaren av Helse Førde. I dette dokumentet er psykisk helse og rusbehandling peika ut som satsingsområde.

Sjølv i tider med økonomiske utfordringar, skal ikkje tilbod innan psykisk helse og tverrfagleg spesialisert rusbehandling råkast.

Det er dokumentet frå departementet veldig tydeleg på. Det er også eit tydeleg satsingsområde både hjå førre og noverande regjering.

Vert Tronvik avvikla, må Helse Førde kjøpe plassar hjå private tilbydarar, med ei bestilling på t.d. 30 dagar.

Det vi veit rundt dette, er at pasientane ofte vert avvist, då institusjonen sjølv ønsker å ha retten til å avgjere når ein pasient er ferdig behandla.

Det er faktisk ikkje så vanskeleg å forstå.

Tal frå Samdata frå 2020 seier at det er skilnad mellom liggetid hjå private og offentlege institusjonar.

Erfaring frå dei private aktørane er at dei ofte legg til diagnosar og forlenger avrusing, for å kunne fakturere med høgare satsar til det offentlege.

«Helse Vest har signalisert eit sterkt ønskje om å vere dimensjonert slik at pasientane i regionen kan få behandling i Helse Vest sitt eige geografiske område», skriv Helse Førde sjølv i ei melding i mars 2022.

Det kan ikkje stå på 25 mill. kr. for å legge ned ein så velfungerande institusjon som Tronvik!!

Det kan heller ikkje stå på kreativ tolking av vedtak gjort av Stortinget. Dei fatta nyleg eit vedtak om å «umiddelbart stanse» nedbygging i døgnplassar innan psykisk helsevern. Så kan vi spørje oss; Er Tronvik å rekne som ein del av psykisk helsevern? Går rusbehandling under psykisk helsevern? Og kva er nedbygging? Er det netto nedbygging som gjeld - eller kan ein rekne på eit snitt regionalt / nasjonalt?

Helse Norge skriv på sine nettsider at «psykiske helsevern er undersøking og behandling av psykiske lidingar», og at det «skjer på sjukehus og i distriktpsikiatriske sentre (DPS)».

Tronvik høyrer til psykiatrisk klinikk i Helse Førde, og er eit distriktpsikiatrisk senter!

Med helsing
Høyanger kommune

Petter Sortland
ordfører (s.)